

Til Utval for levekår i Meland

Under aktuelle saker

Spørsmål om situasjonen på sjukeheimen i Meland.

Slik vi forstår det, er situasjonen på kortidsavdelinga, Solkroken, at den er drive med overbelegg på to rom. Dvs. 11 rom er i bruk, og ikkje 9 som er den "normale" driftssituasjonen (ein nyttar to rom til pasientrom som er tenkt brukt som pårønderom). Dette medfører at ein må ha inn ein ekstra person, både på dag og kveld.

Kva er ekstrakostnadane med dette, og korleis blir dette finansiert?

I kva grad får ikkje utskrivingsklare pasientar plass på sjukeheimen, men må bli verande på sjukehuset?

I kva grad kjøper kommunen sjukeheimsrom i nabokommunar for å hjelpe på den vanskelege situasjonen? Kva er kostnadane ved dette?

Vi viser til utrekninga frå november 2016, som var lagt ved budsjettsaka i desember, gjeldande opning av fleire rom ved langtidsavdelinga, Nordgardstunet. Her blir det sagt at ein treng 6 nye stillingar til ein totalkostnad på kr. 3,9 millionar (kr 650 000 per stilling), noko som tilsvarar kostnaden til 6 heile årsverk. Slik vi forstår utrekninga er trongen for å opne fleire rom 5748 timar per år. Dette tilsvarar 3,5 årsverk, noko som burde gi ein kostnad på kr 2,275 mill.

Stemmer det at den reelle kostnaden for å opne romma på Nordgardstunet er kr 2,275 mill og ikkje kr 3,9 mill?

Vi har eit inntrykk av at situasjonen på sjukeheimen er svært krevjande, gjerne spesielt på Solkroken, men at ein vil hjelpe på situasjonen dersom ein klarar å finansiere opninga av 4 nye rom på Nordgardstunet.

Kan det hende at dei reelle kostnadane ved å ha overbelegg på Solkroken, utskrivingsklare pasientar liggjande på sjukehus, kjøp av plassar i nabokommunar og ekstra belastning på heimetenestene ikkje er langt unna dei kr 2,275 mill det vil koste å opne nye rom på Nordgardstunet?

Med vennlig hilsen

Meland Arbeidarparti